

GENITAL KLAMYDIAINFEKSJON

- NY RUTINE FOR PRØVETAKING AV KLAMYDIA

Desember 2010

SYMPTOM:

Genital klamydiainfeksjon er asymptomatisk i 60-80% av tilfella, men både menn og kvinner kan få symptom.

Kvinner

Kvinner kan få litt forandra utflod både med tanke på mengde, farge og lukt.

Unge kvinner som klagar over mellomblådingar skal alltid testast for klamydia.

Enkelte har berre dysuri.

Genital kløe og svie er oftast ikkje klamydiainfeksjon.

Menn

Menn merkar først og fremst lett svie eller kløe i urinrøret og kan ha litt blank eller kvit til lysegul utflod.

Unge menn med dysuri skal mistenkjast å ha ein kjønnssjukdom til det motsette er bevist.

PRØVETAKING MENN:

1. Urinprøve:

- Førsteval
- Ikkje behov for morgonurin eller å vente i 1-2 timar før prøve.
- Må få med første del av urinstrålen. Trenger bare 10-12 ml urin. Ved større volum blir prøven usikker.

2. Penselprøve:

- Kan brukast når pasienten ikkje klarer å urinere.
- Penselen skal 1 ½-2 cm inn i urinrøret.

INDIKASJON FOR TESTING AV KLAMYDIA

- Symptom som kan gje mistanke om klamydiainfeksjon.
- Alle personar under 25 år med ny partner.
- Alle smittekontakter til person med påvist genital klamydiainfeksjon.
- Ved søknad om abort.
- Alle gravide som har hatt sex med ny partner etter siste klamydiaprøve

BEHANDLING:

Behandlingsalternativ ved ukomplisert genital klamydiainfeksjon:

1. **Førsteval er Azitromax® 1 g x 1**

2. Doxycycline 100 mg x 2 i 7 dagar

3. Gravide: Amoxicillin 500 mg x 3 i 7 dagar eller Erytromycin 500 mg x 4 i 7 dagar

Det er lov å gje behandling på mistanke om genital klamydiainfeksjon, men prøve skal alltid takast før behandling. Ein skal ikkje gje behandling til partner før partner er blitt testa!

Behandling av påvist eller mistenkt klamydiainfeksjon er gratis. Blå resept §4.

(Med heimel i Smittevernlova . Legen får full refusjon for konsultasjon frå Helfo.)

Karantene: Pasienten kan ikkje reknast som smittefri før ei veke (7 dagar) etter oppstart med behandling.

PRØVETAKING KVINNER:

1. Ingen symptom:

Kvinna kan sjølv ta prøve frå vagina med den penselen som blir brukt til cervixprøve.

Prosedyre vaginalprøve:

- Stå med eine foten på en stol/klosettlokket.
- Stikk penselen 3-4 cm inn i skjeden og roter penselen minst 3 gonger.
- Set penselen opp i prøveglaset, bryt av skaftet og skru på korken.

2. Kvinner med symptom: Skal undersøkjast gynekologisk for å vurdere om det kan vere andre årsaker til plagene, ex. salpingitt/bekkeninfeksjon.

Prosedyre cervixprøve:

- Tørk bort sekret.
- Set penselen inn i cervixkanalen og roter penselen i 15 sek.
- Stryk penselen langs vaginalveggen og stryk også penselen over slimhinnene i vulva.

3. Urinprøve er mindre kjenslevar og er mindre eigna enn prøve frå vagina og cervix. Skal hos kvinner bare brukast dersom prøve frå vagina eller cervix ikkje kan takast. Ved urinprøve følg same rutine som for menn.

NY RUTINE FOR PRØVETAKING AV KLAMYDIA

SMITTEOPSPORING:

Sikker smittekontakt (siste partner) til person som har fått påvist genital klamydiainfeksjon, skal få behandling sjølv om prøven er negativ, men prøve skal alltid takast før behandling.

Alle smittekontaktar skal testast før dei får behandling.

- Genital klamydiainfeksjon er definert som allmennfarleg smittsam sjukdom.
- Smittesporing er lovpålagd jfr. Smittevernloven.
- Helsepersonell som har diagnostisert/har mistanke om allmennfarleg smittsam sjukdom har plikt til å gjere smittesporing.
- Det er tilrådd å gjere smittesporing minst seks månader attende i tid.
- Ein har plikt til å informere den smitta om at smittesporing skal gjerast.
- I samarbeid med den smitta skal ein prøve å få tak i så mange som mogeleg av dei som kan ha blitt utsett for smitterisiko.
- Både den smitta sjølv og legen/anna helsepersonell har ansvar for at smittekontaktane får beskjed.
- Når smittekontaktane har fått beskjed, er det deira ansvar å oppsøkje helsevesenet for å bli testa.

Smittekontaktar skal ha gratis konsultasjon og behandling (Jfr. Smittevernloven)

Ved problem i høve til smittesporing kan smittevernoverlegen i kommunen kontaktast.

KONTROLL:

- Behandlinga er så effektiv at kontroll av alle ikkje er naudsynt.
- Pasientar som har symptom etter behandling eller ønskjer kontroll skal få tilbod om kontrollprøve.
- Kontrollprøve bør ikkje taskast før 6 veker etter behandling. Nukleinsyretestane vil vere positive så lenge det ligg bakteriemateriale i epitelcellene, sjølv om bakteriane er døde. Mange prøvar vil difor vere positive mange veker etter avslutta behandling.

Kontroll av pasient som har fått behandling for allmennfarlig smittsam sjukdom skal vere gratis jfr. smittevernloven.

Rutine for prøvetaking av klamydia utvikla av:

Turid Thune, seksjonsoverlege ved Poliklinikk for seksuelt overførbare sjukdomar, Haukeland universitetssjukehus.


Rutine for prøvetaking av klamydia ferdigstilt i samarbeid mellom Helsestasjon for ungdom, fastlegerepresentant, Poliklinikk for seksuelt overførbare sjukdomar og Helsevernetaten.

Illustrasjon nr 2 og 3 under prøvetaking kvinner er trykt med løyve frå preventx/www.freetest.me.



Ny rutine for prøvetaking av klamydia - pasientinformasjon

Prøvetaking klamydia kvinner

- 1) Opne pakken med prøvepenslar. Bruk den minste penselen.
- 2) Stikk penselen 3-4 cm (ei halv fingerlengde) inn i skjeden.



- 3) Roter penselen i skjeden minst 3 gonger. Han skal roterast ganske fast mot skjedeveggen, men det skal ikkje gjere vondt.
- 4) Opne prøveglaset. Set penselen opp i prøveglaset til penselen når botnen. Bryt av skaftet og skru på korken.



Prøvetaking klamydia menn

- 1) Det er viktig at du samlar den første del av urinstrålen i plastbegeret (A).
- 2) Ikkje fyll på meir urin enn vist på biletet, elles blir prøven usikker.
- 3) Skru av korken på prøveglaset (B). Hell urinen over i prøveglaset opp til målestrek nummer 2. På biletet er denne målestreken markert med pil.

